NORSK utgave

**KOMMISJONSVEDTAK** **2002/EØS/37/17**

**av 28. november 2000**

**om endring av vedtak 2000/598/EF om visse vernetiltak mot Blue Tongue på Sardinia, og vedtak 2000/685/EF om visse vernetiltak mot Blue Tongue på Sicilia og i Calabria(*)**

*[meldt under nummeret K(2000) 3561]*

(2000/743/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 90/425/EØF av 26. juni 1990 om veterinærkontroll og avlskontroll ved handel med visse levende dyr og produkter innenfor Fellesskapet med sikte på gjennomføring av det indre marked([1]), sist endra ved rådsdirektiv 92/118/EØF([2]), særleg artikkel 10 nr. 4, og

ut frå desse synsmåtane:

1) Dei italienske styresmaktene har stadfesta tilfelle av Blue Tongue på Sardinia og Sicilia og i Calabria.

2) Som følgje av desse utbrota gjorde Kommisjonen vedtak 2000/598/EF om visse vernetiltak mot Blue Tongue på Sardinia([3]), og ved vedtak 2000/685/EF([4]) vart desse tiltaka utvida til å omfatte Sicilia og Calabria.

3) Desse to vedtaka gjeld berre fram til 30. november 2000, og må lengjast av omsyn til utviklinga av situasjonen.

4) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste veterinærutvalet —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

I artikkel 3 i vedtak 2000/598/EF og 2000/685/EF går punktumet «Dette vedtak får anvendelse til 30. november 2000.» ut.

*Artikkel 2*

Medlemsstatane skal endre dei tiltaka som dei nyttar på handelen, slik at dei vert i samsvar med dette vedtaket. Dei skal straks melde frå til Kommisjonen om dette.

*Artikkel 3*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 28. november 2000.

*For Kommisjonen*

David BYRNE

*Medlem av Kommisjonen*

---

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 300 av 29.11.2000, s. 28, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 147/2001 av 11. desember 2001 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende nr. 13 av 7.3.2002. s. 9.

([1]) TEF L 224 av 18.8.1990, s. 29.

([2]) TEF L 62 av 15.3.1993, s. 49.

([3]) TEF L 253 av 7.10.2000, s. 47.

([4]) TEF L 283 av 9.11.2000, s. 44.